

# SUNNHORDLENDINGEN

## MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND

Årsmøtet 2023 var ein milepel der Eli Roseth Eik takka for seg som leiar for avdeling Sunnhordland i heile 10 år. Ho hadde nok ikkje tenkt det når ho tok på seg oppgåva. Men som ho sa, når ho først var komen inn i det, vart det til at ho fortsette år for år. Ein kjempeflott innsats!



**Eli blir heidra og takka av Jan Bekkevold frå Postens Pensjonistforbund. Han besøkte oss på årsmøtet vårt 8.februar. Etter 10 år som leiar i Postpensjonistane i Sunnhordland, var Eli glad for å takke for seg og gi stafettspinnen vidare til ny leiar, Tone Nygård. Eli har gjort ein framifrå god jobb for postpensjonistane i Sunnhordland. Til all lukke har me henne fortsatt i laget vårt. Stor heider og varm takk til deg Eli frå oss medlemmer.**

### **Så får Eli ordet:**

*Når eg no har sagt takk for meg som leiar vil eg også sei takk for meg til dei eg ikkje møtte på årsmøtet. Det har vore ei glede å vera leiar for laget. Likevel, det er ei tid for alt, og etter 10 år var det på tide å sleppa nye krefter til. Tone Nygård var tøff og sa ja til vervet sjølv om ho nett var innmeldt. Ho stiller slik som eg gjode, totalt blank utan å ha vore med på noko i laget. Då eg vart vald sa Gerd Hystad "etter 2 år kan du sei at no har eg gjort mitt så no får andre ta over". Lærekurven var bratt. Ansgar, Eivind og Øyvind var gode læremeisterar og viste stort tolmod når eg for n te gong spurde om det same. Malar for brev og årsmelding som eg arva frå Eivind er framleis grunnlaget for meldingane våre. Etter 2 år var eg nett byrja få oversikt over kva som vart venta av meg. Eg tenkte at eg fekk ta ein periode til, og så raste berre åra av stad med mange nye rutinar. Eg fylgde utviklinga. Då eg byrja hadde kasserar Alvhild Straume manuelle medlemslister som ho la inn i rekneark. Nettløysingane kom etter kvart. Vi fekk medlemsystemet på nett, ei løysing som gjorde alt enklare. Ved sist årskifte kom det igjen nytt medlemsystem. Det er store endringar for økonomiansvarleg som no får ein enklare kvardag med automatisk utsending av krav for medlemspengar og automatisk oppdatering av innbetalingane. Turkomiteén sender også sine meldingar ut frå medlemsystemet. Nokre innkjøringsvanskar har det vore med at e-postane deira vart oppfatta som søppel og gjekk i feil kasse. Sjølv sjekkar eg "søppelkassa" kvar dag. Hos nokre er søppelkassa erstatta med arkiv. Resultatet vert det same, ein får ikkje sendingane. Dette går seg nok til. Eg vil ynka dykk alle lukke til vidare. Eg reknar med å treffa mange av dykk på både turar og møte.*

*Takk for meg.*

*Masse helsing Eli*



### **Så er det Tone som får leiarklubba og har ordet:**

*Eg er Tone og er den nye leiaren i Postpensjonistane i Sunnhordland. I januar i år slutta eg i posten etter 42 år, då var eg nøyd å gi meg pga helsa mi. Då vart eg spurt om å vera med i styret, og om eg ville vera leiar. Dette takka eg ja til, sjølv om det er litt skummelt og`. Men har ein fin gjeng å jobbe saman med, så har tru på at det skal gå bra. No gler eg meg til vår og sommar, og busstur med kjekke postpensjonistar.*

*Ha ein strålande fine vår og sommar alle saman!!*

**Tone** 😊

**Velkomen Tone, modige dame, me i styret står**

**bak deg og skal gjera vårt beste. Me kan lova at me har det kjekt.**

### **Tur med postpensjonistane.**

I år vil postpensjonistane i Sunnhordland og Haugesundsregionen arrangera tur igjen, sist me var på tur ilag var i 2019.

Turen i år vil gå med buss og båt 18.-23.juni. Me starter på Stord, kjører via Haugesund og vidare sørover. Første overnatting blir i Arendal, me kjører mot Sandefjord og reiser med båt til Strømstad. Deretter kjører me ein tur innom Østfold og vidare nedover den svenske vestkysten. Det blir tre overnattingar i Sverige. Turen går så med båt til Fredrikshavn, Danmark. Me tar siste overnattinga ombord i Fjordline frå Hirtshals mot Bergen og siste etappe blir med buss frå Bergen, via Stord og til Haugesund.

Me er 39 påmelde til turen, 19 frå Sunnhordland og 20 frå Haugesundsregionen. Me ser fram til ein fin midtsommartur i lag med tidligare postkollegaer.

Turkomiteen

**Dødsfall.** Birgit Haldorsen gjekk bort i februar. Me lyser fred over Birgit sitt minne.

### **Vi ynskjer jublantane vår hjarteleg til lukka med dagane som har vore:**

#### **90 år**

Thea Johanne Bauge 29.1.23

#### **85 år**

Randi Digernes 03.03.23

#### **80 år**

Ada Sonja Kobbeltvedt 12.01.23

Egil Harald Eriksen 18.01.23

#### **75 år**

Gerd Helen Lillefosse 27.03.23

#### **70 år**

Unn Sara Spissøy 03.03.23

#### **65 år**

Ernst Ove Bergheim 02.03.23

Anne Elisabeth Eggøy 03.01.23

Nytt styre etter årsmøtet 2022 ser slik ut:

Leiar	Tone Nygård	Ny for 2 år
Styremedlem	Unn Sara Spissøy	Attval 2 år
Styremedlem	Kari Tysnes Kjos	Ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Mikal Saltvik	Ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Helen Hystad	Ny 2 år
Varamedlem	Berit Bergsvåg	Attval 2 år
Varamedlem	Nils Vestbøstad	ikkje på val, 1 år att
Revisor	Bente Stien Nysæter	ikkje på val, 1 år att
Revisor	Annlaug Bjelland Eide	Ny 2 år
Vararevisor	Endre Johannes Solheim	Ikkje på val, 1 år att

Ny valnemd Svein Onarheim, Kjell Egil Hollund, Olav Håvardsholm

**Me i styret ønskjer våre medlemer ein fin vår og ein sommar, med mange gode opplevingar.**

